

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 24.4.18

Stad: Fjordsenteret

Sak 12/18. Uttale til Statskog SF om plassering av ny bru ved Kongshellerhytta

Saksopplysning/vurdering:

DNT Oslo og omegn har planar om å skifta ut hengebrua ved Kongshellerhytta med ei ny bru, anten på same staden eller vèl 100 meter lenger nede mot Kongshellervatnet. Fjellstyret har fått oversendt søknaden frå Statskog SF, som ber om uttale frå fjellstyret. Heile oversendinga frå Statskog SF er vidare send på e-post til fjellstyremedlemene. Vedlagt saka her er berre DNT sin beskrivelse av prosjektet, datert 6.4.18.

At eksisterande hengjebru er i dårleg forfatning vert oppgjeve som grunn til at det er ynske om ny bru. I tillegg er bratte stigar opp på kvar side av eksisterande bru, noko som gjer at ho kan vera vanskeleg å nytta for enkelte. Dette går fram av bilete som ligg ved e-posten. DNT vil no byggja ei tradisjonell sjølvberande bru i limtre. Bruspenet er 13 m der brua ligg i dag.

Eg ser ingen argument som tilseier at Statskog SF ikkje skal godkjenna søknaden frå DNT. Dersom DNT si vurdering er at noverande bru ikkje tilfredsstillar krava, bør dei få løyve til å byggja ei ny. Når det gjeld plassering av brua, meiner eg det beste vil vera å byggja ny bru der brua ligg i dag, i staden for å leggja ein snu lenger nedover langs elva, før ein kryssar denne. Dersom det vert vanskeleg, med den nye utforminga av brua, bør det gjevast løyve til ny plassering av brua, lenger nede.

Framlegg til uttale:

Fjellstyret har ingen merknader til at DNT Oslo og omegn får løyve til å byggja ny bru ved Kongshellerhytta som erstatning for eksisterande bru. Fjellstyret meiner primært at den nye brua bør byggjast på staden der brua ligg i dag. Dersom dette vert vanskeleg av tekniske grunnar med ny bruløysing, kan fjellstyret akseptera at ny bru vert bygd lenger nede mot Kongshellervatnet, slik det vert skissert i søknaden.

Fjellstyrekontoret, den 19.4.18



Harald Skjerdal

06/04-18

Beskrivelse av ny bro ved Kongshelleren

Vedlegg Q

BESKRIVELSE AV PROSJEKTET

Dette brostedet ligger i Aurland i Skarvheimen, som et knutepunkt på sommerruta fra lungsdalshytta til Aurlandssalen og også til Geiterygghytta. Dette er en meget attraktiv rute som også brukes mye av barnefamilier. Nåværende hengebro er i dårlig forfatning og må erstattes av en ny bro.

Vi har vurdert to lokasjoner for broforbindelse – eksisterende og et alternativ som er 106m lenger ned mot Kongshellervannet. Vi må vurdere disse to lokasjonene nærmere til sommeren før vi endelig bestemmer hvor en ny bro skal settes opp. Hvis brua flyttes vil det medføre behov for en liten omlegging av stien langs med elva og ned til ny plassering. Se vedlagte situasjonskart og bilde som illustrerer dette.

Beliggenhet eksisterende bro:

WGS84 UTM32: 6738661.6, 429197.51 (nord, øst). Lat/lot.: 60.7771034, 7.6999645 (nord, øst).

Beliggenhet alternativt brosted:

WGS84 UTM32: 6738773.13, 429163.71 (nord, øst). Lat/lot.: 60.7780985, 7.6993035 (nord, øst).

Vi ønsker å bygge en tradisjonell selvbærende bro også for å bedre adkomsten på begge sider broen – nåværende konstruksjon har meget bratte trapper/stiger opp til hengebroen. Broen vil bli dimensjonert for max. snølast i området.

Vi vil løfte brua opp fra elva på begge sider ved at vi lager fundamenter av gabionstrukturer på ca. 1m høyde som fylles med stedlig stein. På den måten bør vi unngå flom og isgang, samtidig som brostedet blåser fritt for snø om vinteren. Bruken av vanlig stein i gabionstrukturene vil også gjøre at fundamentene vil falle mest mulig i ett med naturen rundt.

Bruspennet på ca. 13 meter vil vi bygge av impregnert limtre – som bør sikre god holdbarhet.

Blant annet på grunn av tyngde og liten prisforskjell på del leveranser og komplett bru, vil vi bygge broen komplett hos leverandør og frakte den med helikopter fra opplastingssted til brostedet. Dette vil også medføre minst mulig transport/trafikk i området i forbindelse med brobyggingen. Airlift vil bli benyttet som helikopterselskap og de vil i størst mulig grad samkjøre vår operasjon med andre aktiviteter de har i området.

Utstyr som er nødvendig for å bygge gabionene sommeren 2018, vil bli fraktet inn fra Myrland før 1.mai 2018. Bestyreren av lungsdalshytta vil kjøre dette inn i forhold til de tillatelse som er gitt for transport i dette området.

Med vennlig hilsen

Kristian O. Stoll

Bygningsinspektør DNT Oslo og Omegn